




KLEPP KOMMUNE



# KULTURPLAN

2020 - 2031

NOVEMBER 2020



© John Th. Josefson/BONO

Med blikk for alle

# INNLEIING

## VISSTE DU AT

- Klepp har no nær dobbelt så mange innbyggjarar som for 25-30 år sidan, men folketalsveksten har nær stagnert dei siste åra.
- Kommunen har ei ung befolkning. Omkring 32% av innbyggjarane er under 18 år.
- Ca 12% av innbyggjarane er innvandrarar eller barn av innvandrarar og flyktingar
- Levealderen aukar og vil venteleg auke i åra som kjem.
- Folk flest har god økonomi og er mobile, men gapet mellom dei med god økonomi og god helse og dei med dårleg økonomi og dårleg helse.
- Klepp ligg i ein region med korte avstandar og eit stort og variert kulturtilbod.

Kultur betyr å dyrka, kultivera, danna. Kulturen si fremste oppgåve er å skapa eit meir menneskjevennleg lokalsamfunn, å dyrka fram det gode i samfunnet. Kultur er eit emne som femner vidt. Det er ein del av den kommunale verksemda, men omfattar mykje meir. Det finnest eit element av kultur i det meste.

Kultur omfattar blant anna idrett og kulturminner, men desse emna er i hovudsak omhandla i *kommunedelplan for idrett og friluft* og *plan for kulturarv*.

Kommunen sitt arbeid på kulturfeltet er ein del av fundamentet for utvikling av samhald og vekst i lokalsamfunnet, som eit lim som held folk saman på tvers av skilnader. Kultur handlar om kva verdiar, fellesaktivitet, historier og livsmiljø som me saman skapar for å gjera Klepp til ein eit menneskje- og miljøvennleg samfunn å leva og bu i. Deltaking i kulturlivet har positive verknader for samfunnsutvikling, folkehelse, levekår og identitet og er viktig for inkludering og sosial utjamning. Kultur fremjar lærings- og funksjonsevne, helse og livskvalitet. Klepp er plassert i ein region med eit rikt og variert kulturliv. Alt kan ikkje skjje i Klepp, men me må arbeida for ein brei, tilgjengeleg kvardagskultur, og eit godt samarbeid med nabokommunar og kulturkrefter i regionen.

Klepp har eit aktivt og mangfaldig kulturliv. Dugnadsånd og frivillig arbeid har lange tradisjonar i kommunen. Lag og organisasjonar står relativt sterkt og medlemstala er relativt stabile. Nye former for frivillig arbeid dukkar stadig opp. Kommunen er både tilretteleggjar, tilskotsytar, tilbydar og samarbeidspartnar på kulturfeltet Det har vore vekst og utvikling i arbeidet i bibliotek, kulturskule og frivilligsentral. Det er gode arrangementstilbod og god tilretteleggjing. Nye idrettsanlegg, skular, nærmiljøanlegg, aktivitetspark m.m. og ikkje minst nytt kommunehus og kyrkje, representerer moglegheiter.

**Nytt kommunehus er ei storsatsing på kultur i Klepp og skal vera eit bygg for alle der skal leggjast til rette for framtidig vekst, kvalitet og kulturelt mangfald.**

Klepp kommune sine tre største utgiftspostar på kulturområdet er kommunale idrettsbygg og anlegg, kulturskule og bibliotek. Klepp kommune hadde i 2018 netto driftsutgifter til kultursektoren med kr.1594 per innbyggjar. Gjennomsnittleg brukte norske kommunar i 2018 kr 2428 per innbyggjar til kultur. Klepp kommune sine driftsutgifter til kultur var altså ca. 66% av gjennomsnittet for andre norske kommunar i 2018.

[https://www.ssb.no/kultur\\_kostra](https://www.ssb.no/kultur_kostra)

Norsk kulturindeks er ein årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar m.m. Indeksen for 2018 plasserer Klepp på 410 plass av norske kommunar..

<http://kulturindeks.no/steder> (1120 klepp kommune)

## Planføresetnader

### Sentrale lovar og nasjonale føringar

Aktuelle lovar: Sjå vedlegg 3

### Kulturmeldinga og andre meldingar med relevans for kulturfeltet

Kulturmeldinga gir ei god overordna grunngjeving for kulturpolitikken, forankra i ytringsfridom. Meldinga formulerer følgjande samfunns mål: *“Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda»*

Statlege kulturpolitiske mål samt varsla delmeldingar m.m. finnest her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/?ch=1>

### Kultur byggjer opp under FN sine bærekraftsmål:



## Kommuneplanen

I gjeldande kommuneplan (2014-2025) har kommunestyret vedtatt 3 kommunemål

- Eit sunt og inkluderande lokalsamfunn
- Barn og unge i første rekke
- Tydeleg miljøprofil

Planen, som er ein temaplan, byggjer på desse måla.. Planen skal følgjast opp gjennom årsplanar for kulturområdet og i årsplanar for tenestoområda, der det er aktuelt.

## Kommunevisjonen

Kulturplanen byggjer på kommunen sin nye visjon: **MED BLIKK FOR ALLE** og er å forstå som ei utdjuping og konkretisering av denne på kulturområdet.



## SLIK VIL ME HA DET : (KOMMUNEN SINE MÅL FOR KULTURFELTET):

1. Kultur for alle
2. Aktiv kulturformidling og mangfald av kulturopplevingar
3. Attraktive kulturarenaer og funksjonelle lokale
4. Høg frivillig verdiskaping
5. Vekst innan kultur - næringsutvikling

## SLIK GJER ME DET:

- Arbeider for at kultur skal vera ei drivkraft i utviklinga av lokalsamfunnet Klepp
- Fremjer ein lokal kulturpolitikk som legg til grunn at alle skal ha rett og høve til å delta i kulturlivet
- Arbeider for kvalitet, mangfald, engasjement og inkludering i kulturlivet
- Utviklar større, betre og meir variert lokalt kulturliv
- Utviklar samarbeidsordningar, fleirbruk og sambruk for å få mest mogleg ut av ressursane
- Sørgjer for fellesløysingar, medborgarskap, frivillig innsats og profesjonalitet
- Bygg gode, nye lokale og arenaer for kulturaktivitet, og moderniserer eksisterande
- Utviklar gode varierte kommunale kulturtilbod og god samskaping mellom aktørar
- Utviklar gode, føremålstenlege tilskotsordningar.
- Samskaper for å auka tilbod og mangfald, særleg på felt med lite tilbod i dag
  - Arbeider aktivt for å informera, søkjer og legg til rette for at lokalt kulturliv kan bli tilført eksterne midlar



## KULTUR FOR ALLE (mål 1)

*Deltaking, inkludering, læring og mangfald*

### VISSTE DU AT

- Kultur- idretts og fritidsorganisasjonene i klepp søkte om driftstilskot for 2020 på bakgrunn av nær 9000 medlemskap, dei fleste av desse er barn og unge.
- I Ungdata 2019 svarar 61% av ungdomsskulelevane at dei er med i organiserte fritidsaktivitetar, medan 29% svarar at dei har slutta og 11% seier at dei aldri har deltatt i organisert fritidsaktivitet.
- Klepp kulturskule har 420 elevplassar og 100 på venteliste.
- Det finnest fleire tilbud og grupper i Klepp tilrettelagt for personar med særlege utfordringar, funksjonsnedsetting eller anna.

Klepp kommune skal ha fokus på realisera kulturlova sitt føremål om at alle skal kunne delta i og oppleva kultur. Godt kulturarbeid er kjenneteikna av mangfald og variasjon. Tilbod skal samla sett ha høg oppslutning, femna både det smale og breie, ivareta ulike uttrykk, aktivitetar og målgrupper, inkludert dei med behov for særleg tilrettelegging. Retningslinjene for støtte til kulturarbeid er baserte på prinsipp om at lag og foreningar skal vera opne for at alle skal kunne bli medlemmer og ha demokratiske rettigheter. Kommunen skal leggja til rette for gode møteplassar og høg deltaking i det frivillige kulturlivet, i fritids- og idrettsorganisasjonane. Klepp kommune si støtte til kultur- og fritidsaktivitet må baserast på at alle skal kunne delta i aktivitet med same rettar, på tvers av kulturelle, sosiale, religiøse/ livssynsmessige, digitale og økonomiske skiljeliner og uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn eller seksuell orientering. Det finst likevel ein del som står utanfor, anten fordi dei ikkje har høve til å delta, at aktivitetar ikkje er tilrettelagte eller fordi tilboda ikkje samsvarer godt nok med interesser. Utfordringane er derfor å leggja til rette for større mangfald og god kvalitet, sikra god oppslutning og hindra at barn, ungdom og andre sluttar å vera aktive. Dei kommunale kulturverksemdene skal vera springbrett for å skapa varige interesser og byggja bruer for vidare aktivitet. Aktiviteten skal skapa vekst og utvikling og særleg sikte mot at unge blir kvalifiserte til å sjølvle driva aktivitet, tilpassa alder og interessenivå. Interesse for elevplass i kulturskulen er høg. Det er ca. 100 barn på venteliste og behov for å auka opplæringskapasiteten. Barn og unge er prioritert målgruppe og skal tidleg få møte gode, varierte og tilpassa kulturuttrykk i barnehage, skule og på andre arenaer. Grupper som har behov for særleg tilrettelegging og/ eller oppfølging vil vera personar med funksjonsnedsetjing, einsame, personar i institusjon, personar med flyktning-/ innvandrarakgrunn og barn og unge frå familiar med låg inntekt og svake sosiale nettverk. Eit breitt utval av kommunale kulturtilbod og aktivitetar må vera terskel-lause, gratis eller rimelege, vera lett tilgjengelege. Medborgarskap/ medverknad skal liggja til grunn i all aktivitet i regi av dei kommunale kulturverksemdene

## SLIK GJER MED DET:

- Arbeider for at alle skal kunne delta i kultur- og fritidsaktiviteter på egne premisser og ut i frå egne interesser.
- Utviklar mangfald av tilbod og attraktive møteplassar å delta, oppleva og læra, uavhengig av bakgrunn, kunnskaps- og ferdigheitsnivå.
- Arbeider for at kultur- og fritidsorganisasjonane er inkluderande og har god oppslutning, særleg at barn og unge er med i organisert fritidsaktivitet.
- Arbeider for at deltakinga blant personar med funksjonsnedsetjing, einsame, barn og unge frå låginntekts-familiar og innvandrarar er høg, og utformer tilrettelagte støtteordningar
- Legg til rette for at kulturlivet er med på å fremja medborgarskap, myndiggjering og demokratiforståing
- Utviklar kommunen slik at organisasjonane opplever god service når det gjeld oppstart, rådgjeving, søknadshandsaming og generell tilrettelegging
- Arrangerer regelmessige samlingar for kulturlivet og har god dialog med organisasjonslivet og andre kultur- og fritidsaktørar □ Arbeider for føremålstenlege tilskotsordningar
- Aukar kapasiteten i kulturskulen.



## AKTIV KULTURFORMIDLING OG MANGFALD AV KULTUROPPLEVINGAR (mål 2)

### VISSTE DU AT

- Tolv kor, korps og musikkgrupper søkte kommunen om driftstilskot i 2020.
- Kunstforeininga, korps og kor o.a. er aktive, frivillige kulturformidlarar.
- Kulturskulen er opplæringscenter innan musikk, dans og teater og forming m.m. med 420 elevplassar og ca. 100 på venteliste.
- Klepp bibliotek hadde over 90.000 besøk i 2019 og 122 ordinære arrangement, samt 55 tilstellingar for skular og barnehagar

Kulturlova krev at kommunen legg til rette for og tilbyr eit breitt spekter av kulturopplevingar som alle skal kunne delta i. Dette blir gjort mogleg gjennom innbyggjarinitiativ og arrangement m.m. i regi av organisasjonar, gjennom støtteordningar til kulturorganisasjonar og gjennom at kommunen sjølv står som produsent og tilbydar av kulturopplevingar, gjerne i samarbeid med andre.

Bibliotek, kulturskule og ungdomskultursenteret Axis står for ei rekkje arrangement og samarbeider med kulturinstitusjonar og andre kommunar.

Kommunen tilbyr kunst- og kultur gjennom kulturprogram som UKM (Ung kultur møtes), DKS (Den kulturelle skulesekken), DKSS (Den kulturelle spaserstokken), fullmånekonserterne, «Mexico Lexico», utomhusarrangementet, "Kleppeloen", samarbeid med kor, songarar og orkester, arrangement og kurs i regi av bibliotek, Axis m.m.

Ei rekkje private, organisasjonsbaserte og kommersielle aktørar, kyrkja og andre livssynsorganisasjonar tilbyr konsertar, musikk og- danseopplevingar, kunstutstillingar, innspelningar, foredrag m.m., delvis i samarbeid med, eller med støtte frå kommunen. Det er etablert godt samarbeid med Jærmuseet, Jæren symfoniorkester, Rogaland fylkeskommune og andre aktørar.

Innbyggjarane i Klepp har kort reiseavstand til nabokommunane og det finst eit stort og breitt utval av kulturinstitusjonar og -anlegg med omfattande og varierte kulturtilbod i regionen. Det er naturleg og ønskjeleg at folk frå Klepp nyttar kunstsentra, kino- konsert- og kulturhustilbod innan regionen, sjølv om det inneber reising. Dette må og reknast som tilbod for våre innbyggjarar. Det er ikkje ønskjeleg at Klepp kommune skal etablere konkurrerande, dyre, parallelle tilbod til desse.

Det må likevel vera eit viktig mål å utvikla kulturarenaer i eigen kommune som kan ivareta lokale behov og formidla gode kulturopplevingar på eit visst nivå og til ein viss grad. Det må og vera eit mål å utvikla "nisjetilbod" og kulturtilbod som er føremålstenlege og eignar seg lokalt utifrå tilgjengelege ressursar og basert på lokale behov og interesser.

Utfordringar her er å sørge for gode fasilitetar for øving og framføring, ha ressursar til samarbeid i samband med større kulturproduksjonar, og auka interesse og deltaking i aktivitet med musikk, dans og drama.



## SLIK GJER ME DET:

- Legg til rette for bredde og kvalitet i oppleving, opplæring og deltaking i kulturtilbudet generelt, og i nytt kommunehus spesielt
- Arbeider for utvikling av eit levande, innovativt, scenisk tilbud i nytt kommunehus
- Støttar opp om lokale miljø, organisasjonar og grupper som tilbyr kulturopplevingar frå scenen
- Stimulerer til auke i talet på tilbud og deltakarar innan musikk, dans og drama
- Tilbyr gode støtteordningar for kulturformidling
- Stimulerer til opplæring og utvikling på områder med lite aktivitet/for liten kapasitet
- Legg til rette for større samarbeidsarrangement/kulturproduksjonar
- Legg til rette for å sikra gode kulturopplevingar for personar med særleg behov
- Arbeider for at innbyggjarane kan få oppleva kunst og kultur i det offentlege uterommet





## ATTRAKTIVE KULTURARENAER OG FUNKSJONELLE

### LOKALE (mål 3)

*Bygg og rom, fasilitetar og scene*

#### VISSTE DU AT

- Ny aktivitetspark i sentrum vil gje moglegheiter for arrangement med ca. 1500 ståande publikummarar
- Det har vore vekst i utandørs kulturarrangement i Kleppeloen det siste tiåret, med publikumstal opptil 6000-7000
- Nytt kommunehus vil samla dei kommunal kulturverksemdene og kyrkje i eitt bygg. Bygget skal vera eit bygg for alle

For å kunne fremja eit godt kulturliv, trengs det gode bygg og anlegg for kulturføremål. I tillegg trengst det gode fasilitetar for utomhus framføring og oppleving. Kommunen sitt ansvar er å leggja til rette for at både det profesjonaliserte og det frivillige kulturlivet har eigna lokale for kultur- og kunstverksemd.

Klepp kommune stiller eigne bygg og lokale til disposisjon for grupper og organisasjonar som driv kultur- og fritidsaktivitet. I tillegg finnest samfunnshus og organisasjonsbygg av ymse slag som huser delar av kulturlivet. Kommunen yter tilskot til både nybygg og rehabilitering av slike lokale. Normalt blir det ytt inntil 1/3 i tilskot. Eit viktig spørsmål framover er om ein skal yta likt (t.d. 1/3) til alle som ønskjer uansett føremål, eller om ein skal ein bli meir selektiv/differensiert når det gjeld prioritering. For musikk- og scenisk aktivitet vil det t.d. vera verdifullt om tilskot til scene, akustisk tilpassing, lys- og lydanlegg m.m. blir prioritert

Det vil vera eit løft dersom det nye kommunehuset blir utforma slik at det gjer gode vekst- og utviklingsmoglegheiter for eit samla kulturliv, og at sal og scene får ein moderne standard i samsvar med behov og ønskjer frå det profesjonelle kulturlivet og frå innbyggjarar/publikum. Dette gjeld både kapasitet og kvalitet.

Generelt er det få godt eigna lokale for scenisk framføring, musikk og andre uttrykk i kommunen i dag. Kommunen har stort sett tilstrekkelig med lokale til kulturaktivitet og foreiningsliv, men nokre av bygga/lokala er slitne.

Norsk Musikkråd har utarbeidd normer og tilrådingar for lokale til musikkformål (2017). Tilrådinga byggjer på NS 8178 og er eit supplement og ei konkretisering av standarden. Fredheimbygget er gammalt og bruksfrekvensen på Fredheimloftet er høg. Tu gamle skule blir nytta som foreiningslokale no, men eigedomen vil med tida bli tatt i bruk til andre føremål. Storhaug musikkcenter treng etter kvart oppgradering, men vil kunne fungera i ein del år ennå. Kulturskule, Axis, frivilligsentralen og biblioteket vil bli samlokaliserte i nytt kommunehus. Salane som er etablert på Klepp ungdomskule og Tu skule er godt eigna til mange typar framføringar, men er vanskeleg tilgjengelege for eit større publikum. Kyrkjer, bedehus og samfunnshus blir brukte både til ulike typar konsertar og framføringar. Utfordringar knytt til mange av lokala er at dei ikkje held ønskja standard, manglar lagerkapasitet, eller manglar utstyr for scenisk framføring og har dårleg eller varierende akustiske forhold.

Kommunen må framover leggja vekt på at kommunale bygg skal kunne nyttast fleksibelt og av fleire, inkludert kulturlivet. Det må vektast tydelegare at t.d. skulebygg ikkje berre

skal vera skulebygg, men og samfunnshus - aktivitetssenter og møteplassar for lokalmiljøet. Slik tenking vil krevje breiare involvering av kulturlivet i planprosessar for å oppnå betre og meir fleksible løysingar.

Kleppeloen har frå gammalt av blitt brukt som arena for ulike tilstellingar og framføringar. Noverande musikkpaviljong blei bygd på 90-talet. Talet på større arrangement i Kleppeloen har auka dei seinare år og det er no lagt svært godt til rette for store arrangement når det gjeld straumforsyning. Musikkpaviljongen er likevel ikkje særleg godt eigna for større, moderne arrangement. Etablering av ny, større scene, med tilstøytande romfasilitetar vil kunne innebera eit viktig løft for kulturlivet i kommunen og dessutan kunne gjera Kleppeloen som ein attraktiv kulturarena for større arrangement, festivalar, stevner m.m. i distriktet.

### SLIK GJER ME DET:

- Arbeidar for at Klepp kommune har tilstrekkelig med fleksible, moderne lokale for kulturføremål, samt gode utandørsarenaer for større og mindre kulturproduksjonar
- Sørger for at sambruk/fleirbruksaspekt blir vektlagt.
- Sikrar at lokale for musikkføremål minimum held ein tilrådd nasjonal standard for akustikk/innreiing, og har tilstrekkeleg med lagringsmoglegheiter
- Arbeida for at nytt kommunehus blir ein attraktiv, allmenn kulturarena, godt tilrettelagt for varierte kulturføremål.
- Utviklar hovudsalen i nytt kommunehus til ein attraktiv arena både for profesjonelle kulturproduksjonar og for dei lokale, frivillige musikk- og scenekunstmiljøa
- Sørger for at kompetanse på kulturliv og frivilligheit blir trekt inn i utforming av alle aktuelle nye kommunale byggjeprojekt
- Sørger for god oversikt over kapasitet og utviklingsbehov
- Sørger for gode støtteordningar for etablering og vedlikehald av kulturlokale som samsvarer med innbyggjarar og kulturlivet sine interesser og behov
  - Stimulerer til høg bruksfrekvens, stor deltaking og sambruk



## HØG FRIVILLIG VERDISKAPING (mål 4)

### VISSTE DU AT

- Frivillig innsats representerer store verdier både i Klepp og i det norske samfunnet.
- Internasjonale samanlikningstal syner at Noreg ligg på verdstoppen i frivillig arbeid.
- Det finst 10 millionar medlemskap i om lag 100 000 lag og foreiningar i Noreg.
- Heile 66 % av befolkninga over 15 år har deltatt i frivillig arbeid dei 12 siste månadane.
- I 2017 blei det utført 142.000 årsverk frivillig, uløna arbeid i landet. Verdiskapinga av dette utgjorde heile 75,7 millionar kroner.
- Verdiskapinga i frivillig sektor, inkludert tilsette og frivillige i organisasjonane, tilsvarer 4,9% av bruttonasjonalproduktet i fastlands-Noreg.
- Frivillig innsats i organisasjonar innan kultur, fritid og idrett utgjer over halvparten av alt frivillig arbeid i Noreg
- Organisasjonar søkte driftstilskot frå kommunen i 2018, representerte nær 9000 medlemskap
- I Klepp frivilligsentral finst ca. 50 ulike aktivitetar og ordningar og 450 aktive frivillige

Om me legg dei nasjonale tala til grunn for kva aktivitet og verdier frivillig sektor står for i Klepp, kjem me til at den økonomiske verdien av frivillig arbeid i vår kommune kan vera rundt 278 millionar kroner per år. Sjølv om dette ikkje kan målast fullt ut, så illustrer dette at verdien av det lokale frivillige arbeidet er høgt og representerer store samfunnsverdier.

Tilsvarande omrekning frå nasjonale utrekningar kan tilseie at det blir utført om lag 520 årsverk frivillig uløna arbeid i Klepp per år. Verdimalinga av det frivillige arbeidet kan neppe gjevast nokon eksakt kroneverdi, men dei eigentlege meirverdiane er knytt til tryggleik og trivnad, kultur og folkehelse, meistrings- og fellesskapsopplevingar, kunnskaps- og ferdigheitsutvikling, identitet og tilhøyrslø, menneskjeleg og lokalsamfunnsmessig vekst. Deltaking i frivillig arbeid fremjar demokrati og skapar gode og inkluderande lokalmiljø.

Når me som kommune finn gode måtar å stimulera til frivillig innsats på - i og utanfor organisasjonslivet – investerer me relativt små midlar i meirverdier som gjer vesentlege og langsiktige samfunnsmessige avkastningar.

Ulike stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar legg vekt på at frivillegheit er viktig for å kunne løysa utfordringar knytt til m.a. helse, kultur og inkludering. Paraplyorganisasjonen *Frivillighet Norge* har peika på behov for kommunal politikk for frivillig sektor.

Kommunestyret ba i sak 133/19 om ei sak om lokal frivillegheitspolitikk, eit arbeid som vil bli gjennomført i 2020.

Regjeringa har utarbeidd ei *frivillighetserklæring* som gjer føringar for medverknad og varig samarbeid og med klare mål for politisk forankring og møteplassar for frivillig sektor, stat og kommune. Frivillighet Norge og KS har utarbeidd ein *plattform for samspel mellom frivillig og kommunal sektor*.

Frivillig arbeid går føre seg i organisasjonar knytt til kulturliv, idrett, velforeiningar, politikk, kyrkje og livssyn, helse, sosial og omsorgssektor og mykje meir. Den frivillige innsatsen er tradisjonelt knytt til medlemskap og varig engasjement, men skjer i aukande grad og utanfor organisasjonslivet, t.d. gjennom frivilligsentralar og liknande.

Det er stor aktivitet og gode medlemstal i det frivillige organisasjonslivet i Klepp. Den jærskje dugnadsanda pregar organisasjonslivet i Klepp. Samanlikna med andre kommunar er kunnskapsgrunnlaget likevel ikkje godt nok til å seie at Klepp skil seg særskilt ut frå andre kommunar. Generelt kan det seiast at idrett og kristne organisasjonar står sterkt i kommunen, mens medlemstala i til dømes musikkorganisasjonar er noko låge. Det er få kor i kommunen og ikkje mykje aktivitet knytt til drama, dans og scenisk aktivitet.

I samarbeid med Frivillighet Norge, gjennomførte kommunen i 2016 ei spørjeundersøking blant lag og foreiningar. I rapporten tilrår Frivillighet Norge mellom anna at det bør utarbeidast ein felles frivilligheitspolitikk og etablerast eit felles møtepunkt mellom frivillig sektor og kommunen.

### SLIK GJER ME DET:

- Utarbeider ein heilskapleg frivilligstrategi for forpliktande og regelmessig samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor
- Arbeider for gode tilskotsordningar for drift av frivillige organisasjonar, med hovudvekt på barn og unge, kvalitet og tilgjenge for alle.
- Sikrar god, heilskapleg vurdering av tilskot til kulturlokale m.m., der fleirbruk og sambruk blir vekta.
- Arbeider for at det finnest gode, tilgjengelege og tilstrekkelege kommunale lokale og anlegg for frivillig sektor
- Arbeider for at frivillig sektor kan veksa og utvikla mangfald og kvalitet, i samsvar med innbyggjarane sine interesser
- Arbeider for auke i talet på personar som deltar som frivillige
- Arbeider for ein god, samla struktur på samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor fundert på tillit og gjensidig respekt for eigenart og ulikskap.





## VEKST INNAN KULTUR - NÆRINGSUTVIKLING (mål 5)

*Kunst, profesjonell kultur og kreative næringer*

### VISSTE DU AT

- Kulturell og kreativ næring er i vekst i Noreg og Europa og blei dobla i perioden 2004-2013
- Kulturnæringane er i stor grad «grøne», innovasjonsorienterte og sysselsetter mange unge arbeidstakarar og gründerar
- I Noreg utgjer næringa ca. 3% av fastlandsøkonomien og 4,3% av sysselsettinga (2017)
- Etterspurnaden etter kunst og kultur har aldri vore større, korkje nasjonal eller internasjonalt

Kulturell og kreativ næring kan definerast som næringsverksemd knytt til å framstilla kulturelle uttrykk som primært kommuniserer gjennom estetiske verkemiddel som symbol, teikn, bilete, fargar, rørsle, former, lydar og fortellingar. Visuell kunst, utøvande kunst, musikk, litteratur, film, dataspill, TV og radio, trykte mediar, arkitektur, design og reklame inngår i det med kan kalla kulturell og kreativ næring. Statlege mål og føringar for feltet: Sjå vedlegg 3.

Samanlikningstal frå Norsk kulturindeks syner at det er få profesjonelle kulturarbeidarar i Klepp. Det er og få aktørar eller bedrifter som arbeider innanfor kultur og kreativ næring. Det finst nokre få profesjonelle kunstnarar busette i kommunen og enkelte bedrifter som driv innan det som kan kallast kulturnæring, samt reiseliv.

Kulturlivet skaper arbeidsplassar. Eit godt lokalt kulturliv må gje rom for at kunsten kan opplevast som eit synleg og naturleg element i det offentlege rom. Ein kommune med synleg kunstnarisk og kreativ verksemd kan oppfattast som ein spanande, fargerik og interessant kommune. Kunst og kreativitet kan skapa trivsel, refleksjon og inspirasjon blant innbyggjarane.

Det er derfor viktig at kommunen legg til rette for at kunstnarar og kulturnæringsaktørar kan busette seg og arbeide i kommunen på fast basis, men gjerne og midlertidig. Det gjeld og kulturbasert reiseliv. Dette krev at kommunen utarbeidar mål og - strategi for korleis slik verksemd kan trekkjast til kommunen, etablera seg og veksa.

### SLIK GJER MED DET:

- Informerer, støtter og legg til rette for etablering av nye kulturnæringar
- Utarbeider ein strategi/tiltaksplan for etablering og vekst i kulturnæringar i kommunen
- Støtter opp om initiativ og verksemd innan kultur-næringane
- Legg til rette for profesjonell kunstnarisk/kreativ verksemd
- Nyttar lokale tenester og produkt frå kulturnæringane, så sant føremålstenleg
- Utviklar arenaer, prosjekt og stimuleringstiltak som gjer det attraktivt for kulturarbeidarar og utøvande kunstnarar å kome til Klepp

# HANDLINGSPLAN/ TILTAKSDEL

Forkortingar:			
<b>SK:</b> Samfunn og kultur	<b>KA:</b> Kulturadministrasjonen	<b>KS:</b> Kulturskolen	<b>BIB:</b> Biblioteket
<b>FVS:</b> Frivilligsentralen	<b>AX:</b> Axis	<b>BU:</b> Barn og unge	<b>HV:</b> Helse og velferd
<b>DIG:</b> Digitalisering	<b>R:</b> Rådmann		

**NB:** Opplistinga under høgrekolonna, »Ansvar», (grønt felt) gjeld berre administrasjonen/ intern oppgåvefordeling

## MÅL-TILTAK-OVERSIKT

Dei ulike tiltaka har i oppstillinga blitt plassert under eitt mål kvar. Det er gjort for å skapa ein enkel oversikt. Mange tiltak kan likevel gjerne bli sett i samanheng med/ vera knytt til mål oppnåing i samband med fleire mål enn det eine det står oppført under.

## TILTAK

Dei tiltaka som er foreslått innarbeidd på grunnlag av høyringsinnspel står oppført Med tekst på **GRØN** botn. Tekst som var med i høyringsutgåva står oppført på **KVIT** botn.

TILTAK	Oppstart	Ansvar
<b>KULTUR FOR ALLE (Mål 1)</b>		
<i>Retningslinjer tilskot</i> -Reviderer retningslinjene for tilskot til kulturarbeid	2020	KA
<i>Tilretteleggingsordningar:</i> -Legg fram sak om ordning med kommunalt fritidskort (dersom dette ikkje blir innført nasjonalt) -Vidareutviklar ordningar som opplevingskort/ følgjekort m.v. -Utarbeider dokument om implementering av «Fritidserklæringa» i Klepp	2020	SK / KA
<i>Støtteordning – familiar med låg inntekt</i> -Eventuell støtteordning for familiar med dårleg økonomi blir vurdert i politisk sak om fritidskort	2021	SK/BU
<i>Axis</i> -Reviderer driftsmodell og utarbeida strategi for Axis retta mot deltaking og aktivitet for ungdom som elles ikkje deltar i kultur- eller foreiningslivet.	2021	AX/KA/BU
<i>Samarbeid om læring</i> -Utviklar samarbeidstiltak knytt til kunnskap, læring og ferdigheiter, leksehjelpsordningar, auka leseferdigheiter m.m. -Utviklar tilbod om auka digital innbyggjarkompetanse, lesekompetanse, samt «læring for livet» konsept gjennom kurs, foredrag, rettleiing og sjølvstudium i biblioteket	Kontinuerleg	BIB/FVS/AX

<b>Agenda - inkludering og deltaking</b> -Tar opp tema som gjeld inkludering, deltaking og mangfald i lokalmiljøet synleggjera, og debattera gjennom t.d. arrangement i biblioteket -Støtter opp om innbyggjarinitiativ som er med å markera og fremja toleranse, mangfald og fellesskap,( t.d. "Pride", «Verdenslandsbyen Klepp» m.m)	Kontinuerleg	KA/BIB
<b>Aktivitetsutstyr m.m.:</b> -Held fram samarbeidet med <i>Frilager</i> e.a. om utlån/ utleige av aktivitets/ friluftsutstyr. -Bidrar til at aktuelle lag og foreiningar har ordningar som sikrar barn og unge frå låginntektsfamiliar tilgang til gratis/ billig personleg aktivitetsutstyr	Kontinuerleg	KA/FVS
<b>Etablera system for opplæringsbehov i frivillig sektor</b> -Driv opplæring av frivillige og tillitsvalde på generelle/aktuelle områder Utviklar råd- og vegleiingsordning for det frivillige organisasjonslivet i samband med inkludering/ integrering	2021	KA/FVS
<b>Kulturskulen</b> - Det bør vurderast nærare samarbeid skule-kulturskule-skulekorps for rekruttering til skulekorpsa  -Det blir gjennomført ein prioritetringsvurdering av ressursbruk i kulturskulen	2021	BU/ KS/ KA

<b>AKTIV KULTURFORMIDLING OG MANGFALD AV KULTUROPPLEVINGAR (Mål 2)</b>		
<b>Kulturformidling i institusjonar, barnehagar, skular m.m.</b> -Gjer institusjonar, skular og barnehagar godt tilrettelagte for kulturarrangement og besøk av kulturtilbydarar, samt utarbeida samla programkonsept for kunst- og kulturtilbod for personar på institusjon, m.fl.	Kontinuerleg	HV/ SB/ KA
<b>Samspel og samarbeid</b> -Samarbeider om utvikling av samspel, kor, utøving og scenisk arrangementssamarbeid gjennom tilbod i kulturskulen, Axis, tilskotsordningar og prosjekt -gode høve for utstillingar i nytt kommunehus - arrangementskonsept som involverer mange ulike krefter/ kulturaktørar (inkl. profesjonelle), konsept som kan vera særmerke/ kjenneteikn for Klepp og supplera andre større kulturarrangement i kommunen og i Jærregionen.	2023	KA/ KS /BIB
<b>Diverse arrangementskonsept</b> -Styrker samarbeid om arrangementskonsept: DKS, DKSS og UKM m.fl.og fremja samarbeid med Jæren symfoniorkester, Jærmuseet o.a. Vidareutviklar og styrkja biblioteket som arena for foredrag, debatt og forteljarkunst -Utviklar samarbeidsprosjekt for ungdom omkring arrangementskompetanse (lyd, lys, scene) ( Axis, bibliotek, kulturskule, ungdomstrinnet o.a.) -Vidareutviklar arbeidet med nisjetilbod innan musikk og scenisk aktivitet, slik som til dømes fullmånekonserterane	Kontinuerleg	KA/KS/AX/ BIB/BU
<b>Støtteordningar - innbyggjarinitiativ</b> -Vurderer å oppretta støtteordningar for kulturelle innbyggjarinitiativ, festivalar og større kulturelle samarbeidsarrangement	2022	KA

<p><i>Estetiske fag</i></p> <p>-Vurderer korleis dei estetiske faga i Kleppskulen kan styrkjast og utarbeida plan for estetiske fag og estetisk læring i skule og barnehage. - Søkjer samarbeids- og utviklingsprosjekt som kan utvikla kvalitet, samt knytte estetiske fag nærare opp til anna undervisning. -Utarbeider strategi for å sikra kompetanseløft hjå lærarar og andre tilsette innan estetiske fag</p>	2022	BU/KS
<p><i>Kunst i det offentlege rom</i></p> <p>-Utarbeider tiltaksplan for utvikling av kunst i sentrale kommunale bygg og for uterommet i Klepp kommune</p> <p>-Skaffer verktøy for registrering, oversikt og formidling av kunst som kommunen eig.</p> <p>-Utarbeider kommunale retningslinjer for kunstnarisk utsmykking av kommunale bygg</p> <p>- Utarbeider ein plan for innkjøp og utplassering av kunst og skulptur i uteområdet i sentrum</p>	2023	SK/KA

<b>ATTRAKTIVE KULTURARENAER OG FUNKSJONELLE LOKALE (Mål 3)</b>			
<p><i>Kommunehus</i></p> <p>Utarbeider dokument med modell for samarbeid, samhandling og samskaping på ulike nivå</p>	2022	SK/KA/KS/ BIB/AX/FVS m fl.	
<p><i>Aktivitetpark - kulturarrangement</i></p> <p>-Legg til rette/ programmerer for varierte aktivitetstilbod og kulturproduksjonar/opplevingar i ny sentrumspark</p>	2021	SK/AX/KS	
<p><i>Leigepriser - kulturlokale</i></p> <p>-Vurderer leigeprisar vs. gratisprinsipp ut i frå mål om rimelege og lett tilgjengelege lokale for framføring av musikk, scenisk aktivitet, frivillig arbeid - Samordner utleigeordningar- og prisar som gjer det enklast og rimelegast mogleg for frivillige å leige kommunale lokale</p>	2023	SK/KS/KA	
<p><i>Tilgang kulturlokale</i></p> <p>-Utformer tekniske løysingar, ordningar- og system for tilgangskontroll som legg til rette for mest mogleg "sjølvhjelp"/ sjølvbetening for brukarar. Etablerer digitale bestillingsløysingar for lokale til øving, aktivitet og arrangement.</p>	2020	SK/KA/DIG	
<p><i>Lokale - diverse</i></p> <p>-Oppgraderer øvingslokale ved Storhaug musiksenter eller finn erstatningslokale for band</p> <p>-Avklarar framtidig bruk av Fredheim som kultur- og aktivitetssenter</p>	2022	SK/KA	
<p><i>Kartlegging av lokaler for musikkføremål</i></p> <p>-Det blir gjennomførast ei kartlegging av standard på kommunale lokale med tanke på øving og framføring av musikk.</p>	2022	SK	
<p><i>Kunst- og handtverkshus</i></p> <p>Kunst- og handtverkshus blir vurdert/ utgreidd</p>	--	2021	SK/KA



<b>Akustisk tilpasning ny kyrkje og kommunehus</b> -I samband med utforming av ny kyrkje/ nytt kommunehus blir akustisk tilpasning med tanke på lydsvak og anna musikk vurdert.	2021	SK/R
--	------	------

<b>HØG FRIVILLIG VERDISKAPING (Mål 4)</b>		
<b>Frivilligstrategi:</b> -Etablerer/revitalisera årleg felles møtepunkt mellom kommunen og frivillig sektor -Utformer heilskapleg opplegg for samlingar og kurs for frivilligheita med tanke på å auka kompetanse og gode arbeidsverktøy for inkludering. Etablerer ordning med <i>frivilligbørs</i> , der lag, foreiningar og næringsliv saman kan finne innovative løysingar på samarbeid om frivillig innsats. organiserer samarbeidstiltak mellom kommunen, organisasjonsliv og innbyggjarar om utvikling av sosiale/ kulturelle møteplassar	2021	KA/ FVS
<b>Nettløysing</b> -Etablerer ei nettløysing som gjer det enkelt for frivillige å nå ut med informasjon og enkelt for innbyggjarar å finna informasjon tilbod og arrangement m.m. - Utvikler og utvider bookingsystemet «Aktiv kommune»	2021	KA/ FVS / BIB
<b>Tilskotordning nyanlegg - utforming</b> Utformer og forvalter tilskotsordningar til etablering av bygg og rehabilitering/ vedlikehald av bygg og anlegg som femner vide målgrupper og er samarbeidstiltak mellom ulike organisasjonar/ grupperingar	2020	KA
<b>Forenkla søknadsordningar</b> Forbetrer og forenkla søknads- og rapporteringsordningar for frivillige organisasjonar	2022	SK/DIG
<b>Oversikt - deltaking</b> Sikrer system for god oversikt/ statistikk over deltaking og oppslutning om kultur- og fritidsaktivitet og sikra at denne blir nytta til evaluering- endrings- og utviklingsarbeid i samarbeid med frivilligheita	2021	KA/FVS
<b>Ungdom – frivilligheit – kommunale tilbod</b> -Utarbeider opplegg og samarbeid for opplæring av frivillig ungdom i regi av Axis og frivilligsentralen -Utarbeider ein modell/ opplegg som bringer frivillige inn i biblioteket, kulturskolen og andre tilbod på t.d. Orstad og Orre	2021	AX/FVS

<b>VEKST INNAN KULTUR- NÆRINGSUTVIKLING (Mål 5)</b>		
<b>Kultur – næring - møtepunkt</b> -Etablerer eit fast årleg møtepunkt/ samarbeidsforum mellom kommunen, kulturnæringar og kunstnarar	2022	SK/ R/ KA
<b>Strategi – vekst i kulturnæringar</b> -Utarbeider ein strategi for å stimulera til vekst i talet på kulturnæringar og profesjonelle kunstnarar i kommunen	2022	KA/KN

<p><i>Innkjøp av kunst – stipend m.m.</i></p> <p>-Sikrar innkjøpsordning av kunst og prioritera lokale kunstnarar i samband med innkjøp av kunst når det er mogleg og føremålstenleg</p> <p>-Utgreier moglegheit for etablering av stipend- og prosjektordningar for lokale kunstnarar</p>	Kontinuerleg	SK/KA
<p><i>Støtteordning - kultur nærering</i></p> <p>-Vurdera kommunal støtteordning for næringsaktørar som vil utvikla kultur nærering i kommunen</p>	2023	SK/KA/KN
<p><i>Lokale for kunstnarar m.v.</i></p> <p>-Tilbyr nokre produksjonslokale (lokale til øvingslokale, verkstader m.m. for kunstnarar) og for profesjonelle aktørar som ønskjer å etablere seg i Klepp, samt sørgje for at det finst rimelege lokale for kunstproduksjon tilgjengeleg for eit avgrensa tal av kunstnarar</p> <p>-Tilbyr nokre kunstnarar eigna og rimelege, midlertidige husvære i samband med kunstprosjekt</p>	Kontinuerleg +2024	SK/ KA

**Innafor ramma av dei 5 måla for kulturfeltet vil det bli arbeidd med/ vurdert moglege omprioriteringar innafor ramma, ekstern finansiering, eller nærare utgreiingar med tanke på:**

#### **KULTUR FOR ALLE (mål 1)**

- Friplassar i Klepp kulturskule
- Kommunal fritidskortordning/ kontingentstøtte m.m.
- Opplivingskort-ordning – låginntektsfamiliar
- Prosjekt med filmvisning for barn og unge
- Prosjekt «kulturskule for alle
- Diverse stillingar

#### **AKTIV KULTURFORMIDLING OG MANGFALD AV KULTUROPPLEVINGAR (mål 2)**

- Prosjekt «Syngende kommune
- Prosjekt: Ungdom- lyd, lys, scenekompetanse
- Støtteordning til festival/ arrangement/ prosjekt
- Prosjektet «Skapande skiving for barn og unge» (litteratur)

#### **ATTRAKTIVE KULTURARENAER OG FUNKSJONELLE LOKALE (mål 3)**

- Innarbeida nasjonal standard for akustikk i nybygg- og rehabilitering av eksisterande bygg.
- Kartleggja eksisterande kulturarenaer og vurera framtidige behov for lokale og kulturarenaer, t.d. mogleg nytt sceneanlegg i Kleppeloen e.a.

#### **HØG FRIVILLIG VERDISKAPING (mål 4)**

- Abonnement på tilskuddsportalen

#### **VEKST INNAN KULTUR - NÆRINGSUTVIKLING (mål 5)**

- Stimuleringsmidler Kultur næreringsetablering
- Prosjekt «Kultur næringer i Klepp

# VEDLEGG

## Vedlegg 1

### Lokalt organisasjonsliv statistikk over medlemstalsutviklinga

Deltakelse i kultur- og fritidsorganisasjoner - Klepp kommune - Utvikling 2004-2018									
<i>(tallene er basert på opplysninger i søknader om kommunalt driftstilskudd)</i>									
<b>IDRETT</b>	2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016	2017	2018
Barn 0-13 år	1647	1957	1943	2222	2288	2164	2005	2164	2537
Unge 14-25 år	966	1054	1079	866	1262	894	808	894	1079
Vaksne 26 år +	1338	1191	1318	1657	1607	1506	1697	2171	2222
SUM	3951	4202	4340	4745	5157	4564	4510	5229	5838
<b>MUSIKK</b>	2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016	2017	2018
Barn 0-13 år	291	200	198	240	148	108	124	150	190
Unge 14-25 år	159	66	85	40	52	37	62	60	59
Vaksne 26 år +	74	131	119	173	155	152	161	145	137
SUM	524	397	402	453	355	297	347	355	386
<b>LAGSARBEID</b>	2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016	2017	2018
Barn 0-13 år	1546	1644	1361	1227	1394	1306	1116	961	828
Unge 14-25 år	278	510	638	562	488	579	763	656	459
Vaksne 26 år +	816	755	849	660	738	1122	1343	1166	1146
SUM	2640	2909	2848	2449	2620	3007	3222	2783	2433
<b>SUM alle 3 kategorier:</b>	2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016	2017	2018
Barn 0-13 år	3484	3801	3502	3689	3830	3578	3245	3275	3555
Unge 14-25 år	1403	1630	1802	1468	1802	1510	1633	1610	1597
Vaksne 26 år +	2228	2077	2286	2490	2500	2780	3201	3482	3505
SUM DELTAKELSE	7115	7508	7590	7647	8132	7868	8079	8367	8657

I Klepp står idretten, idrettsorganisasjoner, samt foreningar knytt til kristent organisasjonsliv sterkt, samanlikna med andre typar organisasjonar og tilbod. utfordringar på foreiningsområdet vil vera knytt til:

- å sikra høg og brei deltaking i organisasjonslivet totalt sett
- å leggja til rette for at mange barn og unge blir rekruttert til foreiningslivet og at dei held fram som medlemmar
- Særleg støtta opp om utvikling og vekst innan musikkorganisasjonane og organisasjonar og grupper som driv aktivitet me har lite av (t.d. Kor, dans, drama og film)
- Bidra til utvikling av større aktivitetsmangfald og fleire typar organisasjonar og aktivitetar




## Vedlegg 2: Tabellar - Kostra og Norsk kulturindeks

På kulturfeltet er kommunen sine 3 største utgiftspostar:

- kommunale idrettsbygg og anlegg
- kulturskule □ bibliotek

Deretter kjem tilskot til privat drivne idrettsanlegg, kommunale kulturbygg, aktivitetstilbod for barn og unge og, til sist, museum. <https://www.ssb.no/kommunefakta/klepp>



Klepp kommune sine netto driftsutgifter til kultur er lågare enn nabokommunane våre og betydeleg lågare enn gjennomsnittet for Rogaland og for landet. Prosentvis er Klepp kommune sine netto driftsutgifter til kultursektoren og lågare enn i Time og Hå, samt lågare enn gjennomsnittet i forhold til fylket og landet. (tabellar: sjå [vedlegg 2](#)) Biletet er og det same om ein samanliknar kor mykje kommunen bruker av totale utgifter på kultur med nabokommunane, med fylket og med landet. Klepp ligg lågare enn alle dei nemnde, men er på nivå med kostragruppe 7.


Norsk kulturindeks er ein årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylke. Indeksen er basert på registerdata frå ei rekkje offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Målet med Norsk kulturindeks er å visa det faktiske kulturtilbodet og den faktiske kulturbruken innanfor kommunen som geografisk område. Indeksen er utvikla av Telemarksforskning i samarbeid med norske kommunar og fylkeskommunar. <http://kulturindeks.no/steder> (1120 klepp kommune)

Norsk Kulturindeks 2018 opererer med desse kriteriene for godt kulturarbeid i lokalsamfunn: *Tal på kunstnarar, kulturarbeidarar, museum, konsertar, kino, bibliotek, scenekunst, kulturskule, DKS, tildelingar, frivillighet*. Av alle kommunar i landet hadde Klepp og nabokommunane slik total plassering i Norsk kulturindeks i 2018:


Kommune	Totalplass (av 422 kommunar)
Time	99
Sandnes	211
Hå	330
Sola	368
Gjesdal	406
<b>Klepp</b>	<b>410</b>

Klepp kommune er blant dei kommunane i landet som bruker lite ressursar på kulturområdet. Om ein ser på plasseringar på dei ulike områda som norsk kulturindeks legg til grunn for sine rangeringar, har Klepp og nabokommunane slike plasseringar:



Norsk kulturindeks 2018 – kommuner på ulike områder					plassering blant norske						
	Kunstnarar	Frivilligheit	Tildeling	DKS	Kulturskule	Scenekunst	Bibliotek	Kino	Konsertar	Museum	Kulturarbeidarar
<b>Klepp</b>	<b>386</b>	<b>337</b>	<b>333</b>	<b>334</b>	<b>322</b>	<b>278</b>	<b>177</b>	<b>315</b>	<b>230</b>	<b>255</b>	<b>398</b>
Time	131	264	165	366	240	272	91	45	42	134	160
Hå	317	387	263	306	300	278	63	315	278	24	197
Sola	340	386	313	349	237	278	126	315	251	218	196
Sandness	242	376	190	266	237	173	298	47	211	156	164
Gjesdal	372	400	330	321	292	278	204	310	207	225	326




Merk: Klepp er den nederste blåe linjen som går parallelt med den grønne




Merk: Klepp er den nederste blåe linjen som går parallelt med den grønne




Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg Nto. dr.utg.  
Beløp pr innb (kr)



Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per  
innbygger 6-18 år(B)




Kommunale kulturbygg Nto. dr.utg. Beløp pr innb (kr)



### Kommentar til tabellane foran:

Kommunen sine utgifter til aktivitetstilbod for barn og unge og kommunale kulturbygg har blitt reduserte, men utgiftene til kommunale kulturtilbod har auka tilsvarande. Grunnen er at leigeutgifter til Axis no blir ført på eige tenesteområde for kommunale kulturbygg. Når det gjeld både bibliotek og kulturskule har Klepp låge netto driftsutgifter samanlikna med nabokommunar, samanliknbare kommunar (kostragruppe7) snittalet for Rogaland og for landet. Kulturskulen har i dag 8,82 årsverk, delt på 21 tilsette. Kulturskulen har om lag 430 elevplassar og ca 100 på venteliste. Klepp bibliotek har 5 årsverk, høge utlåns- og besøkstal, sterk vekst i talet på arrangement og aktivitetstilbod. Biblioteket har utvikla seg mykje som følgje av at nye digitale verkøy har blitt tekne i bruk, m.a. har biblioteket blitt «meiroke» og dermed tilgjengeleg nær sagt alltid. Besøkstal og aktivitet er i sterk vekst. Klepp kommune ligg lågare enn snittet for fylket og for landet når det gjeld tilskot til det KOSTRA kallar «andre kulturbygg» og som i praksis betyr kommunale tilskot til nyanlegg.

Plassering i Norsk kulturindeks 2018:





## Vedlegg 3:

### **Aktuelt lovverk og aktuelle planar**

#### **Lovar:**

«Kulturlova» - Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-29-89> (Kulturlova er under revisjon).

«Biblioteklova» - Lov om folkebibliotek:  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/198512-20-108?q=biblioteklova>

«Kulturskulelova» - (Opplæringslova § 13-6) - Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=biblioteklova#KAPITTEL\\_15](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=biblioteklova#KAPITTEL_15)

«Kulturminnelova» - Lov om kulturminner  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50?q=lov%20om%20kulturminner>

Lov om film og videogram [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-05-](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-05-1521?q=lov%20om%20film)

#### **1521?q=lov%20om%20film Planar:**

- **Kommuneplan og andre planar**

Dei grunnleggjande verdiane i kommuneplanen 2014-2025 ligg til grunn for utforminga av arbeidet av kulturplanen: “Aktiv og trygg” og “romsleg og robust”. Under “aktiv og trygg” er mellom anna nemnt: gode, trygge oppvekstvilkår, helsefremjande samfunnsutvikling, inkludering, gode møteplassar og lag og foreiningar. Under “Romsleg og robust” er nemnt: deltaking for alle, inkludering og kreativitet.

- Andre kommunale planar:

Taktskifte – helse og velferd – 2015-2026,  
Oppvekstplan 2018-2021,  
Kommunedelplan for fysisk aktivitet 2018-2029,  
Kulturminneplan 2005-2016 (ny revidert plan er under utarbeiding) <https://www.klepp.kommune.no/alle-planar-og-rapportar/>

- Regional kulturplan for Rogaland: <http://www.rogfk.no/Plan-Rogaland/Regionale-planerogstrategier/Kultur/Regional-kulturplan-2015-2025>

- Regjeringa har skissert følgjande mål for kultur- og nærings-feltet:

*“å vektlegge kultur som næring i større grad og styrke mulighetene for entreprenørskap i kultursektoren. For å muliggjøre dette vil man, samtidig som man verner om kunstens egenverdi, bidra til å forløse det kommersielle potensialet og at kunsten når sitt marked. Det vil styrke den økonomiske bærekraften, for den enkelte utøver og for bransjene innen kulturell og kreativ næring.”*

I handlingsplanen, “Fra gründer til kulturbedrift” (Kulturdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet) står det følgjande om dette:

*«Kulturnæringene har fått økt oppmerksomhet de siste årene. Den generelle velstandsutviklingen og økt utdanningsnivå er viktige årsaker til stigende etterspørsel etter et mer variert kulturtilbud. Dette skaper, i samspill med den offentlig støttede kultursektoren, et større marked for kulturprodukter og -tjenester. Også den teknologiske utviklingen er en vesentlig faktor for utviklingen av kulturnæringene. Den har ført til enklere distribusjon og økt tilbud og etterspørsel etter litteratur, film og musikk.»*

## Vedlegg 4:

### **Kulturmeldinga og komande (varsla) statlege meldingar/ planar for kulturfeltet**

Kulturmeldinga Meld. St. 8 (2018–2019) – Overordna kulturpolitiske mål:

«Et fritt og uavhengig kulturliv som:

- Skaper kunst- og kulturuttrykk av ypperste kvalitet
- Fremmer dannelse og kritisk refleksjon
- Tar vare på og formidler kulturarv
- Skaper og formidler et kulturtilbud som oppleves som relevant, og som representerer befolkningen.
- Er tilgjengelig for alle og oppmuntrer den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktiviteter
- Tilbyr møteplasser og bygger fellesskap <sup>□</sup> Fornyer seg og viser evne til omstilling.
- Har internasjonal gjennomslagskraft og fremmer interkulturell forståelse

*Styrker norsk språk, de samiske språkene, de nasjonale minoritetsspråkene og norsk tegnspråk som grunnleggende kulturbærere»*

St.meld 8 (2018-2019) skisserer føremål med den offentlege kulturpolitikken slik:

**Brei deltaking:** som betyr at kulturfeltet må utformast for at alle skal kunne delta i varierte kulturaktivitetar, at organisasjonsliv, så vel som kommunale og andre tilbud, har gode vilkår, at variasjon og mangfald pregar tilbodet, at det finnest møteplassar og godt eigna lokalar og arenaer, og at enkeltpersonar og grupper, med særleg behov for tilrettelegging, kan delta.

**Gode opplevingar:** som betyr eit rikt tilfang av konsertar, musikk, dans, andre sceniske uttrykk, utstillingar, film, litteratur, både i regi av amatørar og profesjonelle, barn- unge og vaksne. Det må vera moglegheiter for arrangera, visa seg fram, etablera samarbeid, og skapa nye uttrykk som kan inspirera, utvikla talent og ferdigheiter, danna, skapa refleksjon og utvikla menneskelege fellesskap.

**Ytringsfridom:** Eit breitt og mangfaldig kunst- og kulturliv er viktig for å ivareta innbyggjarane sitt høve til å ytra seg og for å gje rom for eit offentleg ordskifte, interesseutvikling, demokratiutvikling og medborgarskap. Å framføra og presentera kultur, anten det er i form av skrift, tale, song, musikk eller anna, er ein del av ytringsfridomen.

Staten har varsla at kulturmeldingar i løpet av dei 2 neste åra skal følgjast opp av ei rekkje delmeldingar og strategiar:

- Museumsmelding
- Barn-/ungdomskulturmelding
- Kunstnarmelding
- Språkmelding
- idrettsmelding
- frivillighetsmelding – (har kome)
- Strategi for kultur og reiseliv
- Internasjonal strategi for kulturpolitikken, saman med UD
- Bibliotekstrategi
- Scenekunststrategi
- Strategi for dataspill

I tillegg: ny kulturminnemelding (Klima- og miljødep.)

## Regjeringa si fritidserklæring:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/42fc032208724215886755da5d165f1e/folder\\_fritidserklaeringen.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/42fc032208724215886755da5d165f1e/folder_fritidserklaeringen.pdf)

## Vedlegg 5:

### Kvifor kultur?

Lokale kulturtilbod er viktige for utforming av gode, attraktive og trivelege lokalsamfunn, gode fellesskap, mangfald, ytringsfridom og demokrati. Kommunen sitt arbeid på kulturfeltet er ein del av fundamentet for utvikling av samhald og vekst i lokalsamfunnet, som eit lim som held folk saman på tvers av skilnader.

Kultur får folk til å kople av og bli løfta ut av kvardagslivet, men enno viktigare; kulturen sørgjer for tilkopling både til andre menneskje, til aktivitet kunnskap og refleksjon. Kultur utviklar ferdigheiter, verdiar, sjølvforståing og identitet, og er med å skapa interesser og kunnskap. Kulturen byggjer møteplassar og meningsfellesskap for lokalsamfunnet og kan skapa oppleving av mening, mestring og sosial tilhørslse for den einskilde. Kultur handlar om kva verdiar, fellesaktivitet, historier og livsmiljø som me saman skapar for å gjera Klepp til ein eit menneskje- og miljøvennleg samfunn å leva og bu i. Kunst og kultur kan vera uttrykk som fremjar felles språk og verdiar og er ein plattform for eit varig demokratiseringsprosjekt lokalt, men med ringverknader av nasjonal og global karakter. Kunst og kultur er oppleving, deltaking og refleksjon som kan utfordra det etablerte og utdaterte, gje rom for utvikling, fellesskap og kreativitet, og skapa glød og begeistring. Deltaking i kulturlivet kan ha positive verknader for samfunnsutvikling, folkehelse, levekår og identitet og er viktig for inkludering og sosial utjamning.

Forskning viser at kunst- og kultur fremjar lærings- og funksjonsevne, helse og livskvalitet. Konkret bør me spørje oss korleis me best kan leggja til rette både for korpsgruppen, kunstnaren, konsertpublikummet, bibliotekbrukaren, museumsgjesten, fotballjenta, vevarar og tradisjonskunstnarar, dei med nedsett funksjonsevne eller dårleg familieøkonomi, det komande talentet, innvandrarakar og alle andre.

**Korleis kan me utforma eit kulturfelt som femner alt frå det smale til det breie, frå underholdning til det utfordrande, frå enkle, men viktige sosiale møteplassar til store sceniske produksjonar og med utøvarar av høg klasse.**

Klepp er plassert i ein region med eit rikt og stort sett tilgjengeleg variert kulturliv. All kulturaktivitet kan ikkje skje i vår kommune eller i kvart lokalmiljø. Men me må særleg sikra ein variert, rik og brei kvardagskultur som er tilgjengelege for innbyggjarane i kommunen og eit godt samarbeid med nabokommunar og kulturkrefter i regionen.

I kultur-utgreiinga 2014, (NOU 2013:4) brukte Enger-utvalet uttrykket "*den kulturelle grunnmuren*" om kommunane sine primær oppgåver på kulturfeltet. Enger-utvalet heldt fram at den kulturelle grunnmuren har forvittra samtidig med at staten har styrkja andre deler av kulturfeltet. Kulturplanen for Klepp har fokus på «*den kulturelle grunnmuren*». Å sikra eit mangfaldig lokalt kulturliv for alle ligg til grunn for planen, I lokalsamfunn der forholda blir lagt til rette for utvikling av kultur, vil både frivillig innsats og profesjonell kulturverksemd kunne bløma. Det gjer gevinstar for menneskelege vekst- og utviklingshøve for individ og grupper, noko som har innverknad på utdanning, arbeidsliv, familieliv og naboskap. Kultur må og sjåast som ei drivkraft innan både folkehelse- lokalsamfunns- og demokratiarbeid.

## Vedlegg 6

### Døme på forskning på forholdet mellom kultur, helse og læring

Anne Bamford	WOW-faktoren: Globalt forskningskompendium – om kunsthagens betydning i utdanning (2008)
Anne Bamford	Om kunst- og kulturutdanningen i Norge (2012)
Wenche Waagen:	Kultur som en del av en samfunnsreform: Om betydningen av kunst og kultur for unges livskompetanse
Susan Hallam:	The power of music: Its impact on the intellectual, social and personal development of children and young people. INTERNATIONAL JOURNAL of Music Education 2010, 28:269 <a href="http://ijm.sagepub.com/content/28/3/269">http://ijm.sagepub.com/content/28/3/269</a>
Koenraad Cuypers et.al.,	<a href="#">Patterns of receptive and creative cultural activities and their association with perceived health, anxiety, depression and satisfaction with life among adults: the HUNT study, Norway</a> , Journal of Epidemiology and Community Health, 2011 (pdf) (helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag, som viser at deltagelse i kulturaktiviteter og frivillighet gir bedre helse)
Are Brean/Geir Olve Skeie:	Musikk og hjernen. ( <i>Forfatteren er utdannet nevrologer, i tillegg er Skeie professor i musikk ved Griegakademiet i Bergen. Brean arbeider som nevrolog ved Norge Musikkhøyskule.</i> )
Elliot W. Eisner	Does Experience in the Arts Boost Academic achievement? (NSEAD 1998)
Lise Jaastad: (2011)	Kulturdeltagelse og helse (Senter for helsefremmende forskning)
Kjeld Fredens (2019)	Læring - et samspill mellom hjerne, kropp og omverden ( <i>Forfatteren belyser hvordan svekkelsen av estetiske fag kan svekke barn og unges kreative ferdigheter og læreevner.</i> )

